

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** torsdag 14. mai 2020 11:56  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 19/2020, 14. MAI

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 19/2020, 14. MAI**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **17. MAI: GRATULERER MED EIN DIGITAL NASJONALDAG!**

Årets nasjonaldag blir spesiell, også i Volda. Det blir ikkje barnetog eller folketog så HVO-fana blir ikkje lufta i år. I Volda kan ein følgje med på 17. mai-feiringa blant anna på [Facebook-sida til 17. mai-nemnda](#).

### **NASJONAL FESTKONSERT 17. MAI: RUNDE-SUITEN**

Symfoniorkesteret markerer kvart år nasjonaldagen med ein festkonsert. Den blir i år 17. mai kl 20.00. Ikkje i Volda kyrkje men som video. Orkesteret framfører Runde-suiten av Terje Tjervåg og er komponert med utgangspunkt i folketonar. Publikum kan betale billett på Vipps. [Meir om konserten finn du her](#).

### **FANEBERARAR KOMANDE 17. MAI-ARRANGEMENT**

Vi får tru at i 2021 blir det ein korona-fri vår og med det 17. mai tog og alt som høyrer med. Og HVO-fana høyrer med. Her er faneturnus på HVO for dei komande åra: 2021: AKF, 2022: AMF, 2023: AHL, 2024: ASH, 2025: FADM.

### **HØGSKULEN HAR OPNA OPP ATT - DELVIS**

Høgskulen opna att 14. mai 2020, men berre delvis. Studentar får tilgang om det trengst for å unngå forseinkingar i studia. Reglane for smittevern gjeld framleis. [Les meir på våre nettsider](#).

### **BIBLIOTEKET OPNA IGJEN 14. MAI**

Etter to månaders stenging opna biblioteket igjen 14. mai. Skranken vil vere open frå 09-15 på måndag-fredag og elles er også biblioteket meirope som før koronakrisa. Smittevernreglane gjeld naturlegvis også på biblioteket. [Les meir på våre korona-sider](#).

### **RETNINGSLINER FOR DIGITAL EKSAMEN: STUDENTAR MÅ VISE FRAM ROMMET SITT**

Høgskulen har vedteke detaljerte retningslinjer for digital eksamen. Eitt av punkta i retningslinene er at studentar som skal opp til munnleg eksamen må vere førebudde på at sensorane kan be dei om å snu på kameraet og syne fram romet dei sit i. Det er for at sensorane skal kunne forsikre seg om at det ikkje er nokon andre til stades i romet som kan hjelpe studenten undervegs. [Retningslinene er å finne i lag med anna regelverk på våre nettsider](#).

### **FULLTEIKNA KORONA-KURS: "PERSONALLEIING FOR MELLOMLEIARAR"**

Høgskulen i Volda samarbeider med [Ålesund kunnskapspark](#) om kurset "Personalleiing for mellomleiarar". Kurset vart fullteikna på rekortid og har 25 deltakarar og i tillegg fleire på venteliste. Kurset tek dermed til som planlagt 19. mai. , som vi har med i ÅKP Academy. [Førstelektor Magnar Hjertenæs](#), ASH, er kursansvarleg.

### **KORONA-FRI SONE:**

## 15. MAI: FRIST FOR PENSUMLISTER OG "PRAKTISK INFORMASJON" TIL STUDENTAR

Pensumlister og praktisk informasjon til studentar (dato og tid for oppmøte) må på plass, korona eller ikkje. I år som tidlegare år er fristen 15. mai.

[Emne som har fått på plass pensumliste for hausten 2020.](#)

[Emne som har fått på plass praktisk informasjon for hausten 2020.](#)

## VIL DU HA TRYGG LAGRING AV TEAMS? BRUK RETT NAMN

Fleire og fleire brukar Microsoft Teams, og IT-kontoret minner om at HVO har innført felles reglar for namn på Teams. Teams som skal brukast av mange og lenge bør absolutt følgje desse namnereglane. Både fordi det blir lettare å finne igjen rett Teams, men også fordi det berre er Teams som følgjer namnereglane som automatisk blir lagra på ein sikker måte i systemet. [Retningslinjer for namn i Teams finn du her.](#)

## STOR MANGEL PÅ UTDANNA BARNEHAGELÆRARAR

I 67 barnehagar på Sunnmøre arbeidde det i fjor tilsette i barnehagelærarstillingar som ikkje har utdanninga og den pedagogiske kompetansen som lova krev. Ved Høgskulen i Volda håpar ein at høge søkartal til barnehagelærarutdanninga kan hjelpe på situasjonen. [Les meir på våre nettsider.](#)

## PODKAST FOR STUDENTVELFERD: EKSAMENSBOOST!

Velferdsgruppa for studentar har denne veka publisert sine første podkastar under fellestittelen: Podkrastinasjon. I den [første podkasten er det leiar i Studentparlamentet Trym Rimmen](#) som har fått sleppe til. I år kjem også [eksamensførstehjelp på podkasten.](#)

## NYTT OM VOLDAFORSKING PÅ FORSKNING.NO FRÅ 1. JUNI 2020

Høgskulen i Volda vil 1. juni 2020 starte ein prøveperiode med medlemskap i [Forskning.no](#). [Per Straume](#) og [Geir Tangen](#) er kontaktpersonar for forskingsformidling og for [Forskning.no](#) på høgskulen.

## PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når det (helst) finst lenke til ei bok eller ein tidsskriftartikkel du har fått publisert.

## PUBLISERINGAR (2): FAGBOK FRÅ ELLEN HOVLID: PUBLISERINGSREGLAR FOR JOURNALISTAR

[Førsteamanuensis Ellen Hovlid](#), AMF, kjem snart ut med fagboka "[Publiseringsregler for journalister](#)" på Gyldendal. Boka er alt presentert på forlagets nettsider og er no inne i korrekturfase. Etter planen blir boka tilgjengeleg 3. august.

## NYTT OM TILSETTE PÅ HØGSKULEN I VOLDA

Ingvild Krogh tek til i 100 % fast stilling som seniorkonsulent på Avdeling for mediefag frå 18.5.2020.

## MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#)

## Studieåret 2020-2021

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund (AVLYST)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

28.-29.10: Utdanningsdagane

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Høgskulen i Volda på Forskning.no](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

